



IRMAT AS
Postboks 13
3671 NOTODDEN

Saksbehandler
Malén Kårstad

Rapport etter tilsyn 19.03.2024

Denne rapporten omhandler høve som blei avdekket under Statsforvaltarens tilsyn hjå IRMAT AS (verksemdsnummer: 979567774, kontrollnummer: 2024.189.I.SFVT).

Rapporten består av følgende deler:

- Del 1: Resultatet av tilsynet
- Del 2: Vår vurdering og grunngjeving
- Del 3: Informasjon om tilsynet
- Del 4: Annan informasjon

Del 1: Resultatet av tilsynet

Denne delen gir ein oversikt over resultatene av tilsynet og kva de må gjere til gitte fristar. Nærmare skildring er gitt i del 2.

Vi avdekket avvik som de må rette snarast

Vi avdekket følgende avvik under tilsynet:

- Avvik 1: Verksemda hadde ikkje dagleg journalføring av kor mykje farleg avfall som var lagra på anlegget.
- Avvik 2: Verksemda hadde mangelfull rutine for lagring av farleg avfall på anlegget.
- Avvik 3: Verksemda hadde manglar ved sin handtering av farleg avfall.
- Avvik 4: Verksemda hadde mangelfull miljørisikovurdering.

Avvik er manglende etterleving av krav fastsett i eller i medhald av lov.

IRMAT AS må snarast rette opp avvik. De må sende oss ein skriftleg tilbakemelding som syner korleis avvikene er rettet **innan 28.06.2024**.

De må betale gebyr

IRMAT AS må betale eit gebyr på 38 900 kr for tilsynet.



Vi ber om tilbakemelding frå dykk på e-post

Vi ber om at dykk svara ut avvika kvar for seg merkar tilbakemeldinga med saksnummer 2024/3241 og sender den til sfvtpost@statsforvalteren.no.

Del 2: Vår vurdering og grunngjeving

Avvik 1: Verksemda hadde ikkje dagleg journalføring av kor mykje farleg avfall som var lagra på anlegget.

Dette er eit avvik frå følgande krav gitt i regelverket:

- Avfallsforskrifta kapittel 11, vedlegg 4, punkt 6.
- Løyve 2018.0901.T punkt 3.3.1 og 3.4.1.

Skildring av krav

Avfallsforskrifta kapittel 11, vedlegg 4, punkt 6, skildrar minimumskrav til anlegg som tek i mot og mellomlagrar farleg avfall. Punkt 6 i vedlegg 4 set krav til verksemder om at dei skal føre journal over opplysningar om mottak, lagring og vidarelevering av alt farleg avfall som anlegget mottek. Journalane skal oppbevarast i minst tre år.

I løyvet 2018.0901.T punkt 3.3.1 og 3.4.1 er det satt vilkår om at verksemda skal føre dagleg journal over kor mykje farleg avfall anlegget har tatt i mot og mellomlagra til ein kvar tid.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering

Verksemda hadde oversikt over farleg avfall som var ferdig pakka og deklarerert til godkjent mottak, men førte ikkje dagleg journal over kor mykje eller kva type farleg avfall som var motteke og mellomlagra til ein kvar tid.

Avvik 2: Verksemda hadde mangelfull rutine for lagring av farleg avfall på anlegget.

Dette er et avvik frå følgande krav gitt i regelverket:

- Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd, punkt 7.

Skildring av krav

Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd, punkt 7 set krav til at verksemder skal iverksette rutinar for å avdekkje, rette opp og førebyggje overskriding av krav fastsett i medhald av helse- miljø- og sikkerheitslovgevinga. Dette skal skriftleg dokumenterast i internkontrollsystemet til verksemda.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering

Under tilsynet blei det observert at verksemda hadde mangelfull skriftleg rutine for lagring av farleg avfall på anlegget. Rutinen mangla ein oversikt over kva type farleg avfall som ikkje skal lagrast ved sida av kvarandre, samt at rutinen ikkje skildra kva type farleg avfall som skal ha oppsamlingsarrangement.

Avvik 3: Verksemda hadde manglar ved si handtering av farleg avfall.

Dette er eit avvik frå følgande krav gitt i regelverket:

- Avfallsforskrifta § 11-5.
- Løyve 2018.0901.T, punkt 3.4.3.



Skildring av krav

Avfallsforskrifta § 11-5 stiller krav om at farleg avfall skal takast hand om på ein forsvarleg måte. Alle som oppbevarer, transporterar eller handterer farleg avfall, skal treffe naudsynte tiltak for å unngå fare for forureining eller skade på menneske eller dyr.

Løyve 2018.0901.T, punkt 3.4.3 skildrar vilkår til lagring av farleg avfall skal lagrast på ein slik måte at det ikkje oppstår forureining. Dette inneber blant anna at farleg avfall skal lagrast under tak på fast dekke med oppsamling av eventuell forureining som kan oppstå.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering

Under tilsynet blei det observert at ein IBC – tank med spillolje, samt eit fat med spillolje, ikkje hadde oppsamlingarrangement. Det var ei oppsamlingskum i eine hjørnet på lageret for farleg avfall, men verksemda kunne ikkje vise til at golvet hadde fall mot oppsamlingskummen. IBC – tank med spillolje var plassert i motsatt hjørne av oppsamlingskummen.

Avvik 4: Verksemda hadde mangelfull miljørisikovurdering.

Dette er et avvik frå følgande krav gitt i regelverket:

- Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd, punkt 6.
- Løyve 2018.0901.T, punkt 12.1.

Skildring av krav

Internkontrollforskrifta § 5, andre ledd, punkt 6 set krav til verksemder om å kartleggje farar og problem, og på den bakgrunnen vurdere risiko, samt utarbeide tilhøyrande planar og tiltak for å redusere risikohøva.

Løyve 2018.0901.T, punkt 12.1 stiller krav til verksemda skal ha ein miljørisikovurdering av drifta av anlegget og skal vurdere resultatata i høve til akseptabel miljørisiko. Potensielle kjelder til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast i ein miljørisikovurdering.

Observasjonar under tilsynet og vår vurdering

Verksemda hadde gjennomført ei miljørisikovurdering av anlegget, men det blei funnet enkelte manglar under tilsynet.

Miljørisikovurderinga må minst innehalde risikovurdering av:

- Kva type farleg avfall som kan lagrast saman og ikkje.
- Ei vurdering av forureining frå slukkevatn til ytre miljø, som til dømes forureining av nærliggande resipient. I tillegg bør det utarbeidast ein tilhøyrande tiltaks/beredskapsplan for handtering av slukkevatn frå anlegget. Slukkevatn er nemnt i Norconsult sin rapport frå 2017 som tek føre seg anlegget før det var ferdigstilt.
- Oppsamling av avrenning frå farleg avfall som kan reagere saman, som til dømes ulike syrer og baser dersom dette blandast i oppsamlingskummen.
- Lagring av bilbatteri og øydelagte bilbatteri. Under tilsynet blei bilbatteri lagra saman med EE-avfall. Skada bilbatteri blei lagra på lageret for farleg avfall for seg sjølv.

Vedtak om gebyr

Statsforvaltaren vedtar at IRMAT AS må betale eit gebyr på 38 900 kr for tilsynet. Dette tilsvara sats 1 for tilsyn av inntil ein dags varigheit og er gitt på bakgrunn av medgått og forventa ressursbruk.

Vedtaket er gitt med heimel i forureiningsforskrifta § 39-7.



De vil få tilsendt ein faktura frå Miljødirektoratet for innbetaling til statskassen.

Vi er pålagt å ta gebyr for tilsyn på forureiningsområdet. Gebyret skal dekke kostnader med førebuing, gjennomføring og oppfølging av kontrollen. Vi syner til varsel om gebyr 14.03.2024 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 for ytterlegare informasjon om innkreving av gebyr til statskassen.

De har rett til å klage

De har rett til å klage på gebyrsatsen **innan tre veker** etter at de mottek denne rapporten. En eventuell klage skal angi kva de klager over og den eller de endringar de ynskjer. De bør grunngje klagen og nemne andre opplysningar av betydning for saken.

Ein eventuell klage skal de sende til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark. Dersom vi ikkje gir medhald i klagen, vil vi sende den til Miljødirektoratet for endeleg avgjersle.

Klage på gebyrsats gir ikkje utsett iverksetting av vedtaket. De må derfor betale gebyret, og dersom klagen blir gitt medhald, vil restbeløpet bli tilbakebetalt.

Del 3: Informasjon om tilsynet

Gjennomføring av tilsynet

Tilsynet er gjennomført for å kontrollere om de overheld gjeldande krav fastsett i eller i medhald av forureiningslova. Vår heimel til å føre tilsyn er forureiningslova § 48. Rapporten gir ingen fullstendig tilstandsvurdering av IRMAT AS sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Tilsynet er ein del av Statsforvaltarens risikobaserte tilsyn.

Frå Statsforvaltaren deltok

- Malén Kårstad
- Elisabeth Hammerli

Kontaktperson hos IRMAT AS

- Ove Reidar Moen, dagleg leiar

Andre deltakarar hos IRMAT AS

- Driftsleiar
- HMS – K leiar
- Områdeansvarleg Brenna Gjenvinningstasjon

Anlegg kontrollert

Følgande anlegg tilhøyrande IRMAT AS ble kontrollert under tilsynet:

- Brenna Gjenvinningsstasjon

Tema kontrollert

Følgande tema ble kontrollert knyta til:

- Mottakskontroll
- Lagring og sikring av farleg avfall
- Utslepp til vatn



- Internkontroll

Regelverk

Tilsynet omfatta følgende regelverk:

- Forureiningslova
- Forureiningsforskrifta
- Avfallsforskrifta kap.11
- Internkontrollforskrifta

Framlagt dokumentasjon

Framlagt dokumentasjon som blei nytta for å verifisere faktiske høve under tilsynet:

- Mottak av farlig avfall på gjenvinningsstasjonene - 13.03. 2024
- Prosedyre for deklarasjon av farlig avfall
- Prosedyre for registrering av avvik og korrigerende tiltak

Framlagt dokumentasjon som blei nytta for å verifisere faktiske høve etter tilsynet:

- Risiko og sårbarhetsanalyse.pdf
- ROS_vedlegg_A.pdf
- Ros-analyse.docx
- Risikovurdering.xlsx
- Handlingsplan og referat 2024.docx

Del 4: Annan informasjon

De har anledning til å kommentere på rapporten

De har anledning til å kommentere på **faktiske feil** i denne rapporten. De må sende eventuelle kommentarar til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark **innan to veker** etter at de mottek rapporten.

Rapporten vil vere offentlig tilgjengeleg

Denne rapporten er tilgjengeleg for offentlegheita via vår postjournal på einnsyn.no, i tråd med offentlegheitsloven. Rapporten vil i tillegg bli tilgjengeleg på norskeutslipp.no.

Med helsing

Siv Hege Wang Grøvo (e.f.)
fagsjef

Malén Kårstad
rådgiver

Dokumentet er elektronisk godkjent